

Handlingsplan ved vald og overgrep mot barn og unge

Ullensvang kommune

Sjå meg no!

Hjelp meg no!

Det er no hjelpa hjelper!



Foto: Gunn Gravdal

Innhald

Del 1. INFORMASJON 3

INNLEIING 3

STATEN SITT ANSVAR 4

KOMMUNANE SITT ANSVAR 4

FOR BORNA SITT BESTE – MÅ ME VÅGA Å TENKJA DET VERSTE! 5

KVA KAN HINDRA OSS I Å SNAKKA MED BARN? 6

KVA KAN HINDRA BARN I Å SNAKKA MED OSS? 6

DI OPPLYSNINGSPLIKT! 8

AVVERGEPLIKT 8

DEFINISJON AV ULIKE TYPAR VALD OG OVERGREP 9

VERKNADAR AV VALD 12

Del 2. TILTAK OG TENESTER 13

KVA GJER EG VED BEKYMRING? 13

Bekymra for at barn opplever vald/har auka risiko for vald? 13

Når er det akutt/hastesituasjon? 14

Når barn fortel om vald i nære relasjonar: 15

Når foreldre fortel om vald i familien: 16

Når foreldre fortel at dei sjølve er/har vore utsett for vald: 17

RETTLEIING FOR DOKUMENTASJON AV URO FOR AT NOKON ER UTSETT FOR SEKSUELLE OVERGREP ELLER VALD 18

OPPSUMMERANDE TIPS TIL BARNESAMTALEN OG ARBEIDET ETTERPÅ. 19

AKTUELLE TENESTAR 20

Ressursliste: 25

Tips til informasjonsprogram og bøker 26

Forslag til nyttige lenker til informasjonsprogram: 26

Forslag til aktuelle bøker for tematisk binding i samtaler med barn: 26

Del 1. INFORMASJON

INNLEIING

Formålet med denne handlingsplanen er:

Så tidleg som mogeleg å avdekka, førebyggja og lindra helseskadar som følgje av vald og overgrep, ved å auka kompetansen på samhandling i dei aktuelle tenesteapparata.

Dei ulike tenesteyterane i kommunen og øvrig hjelpeapparat som politi og rettsvesen, skal verta betre på:

- Ha ei god oversikt over utbreiing av vald og overgrep
- Informasjon, førebyggjande og haldningsskapande arbeid
- Gje betre informasjon og hjelp til utsette generelt, og til sårbare grupper spesielt
- Ta mistanke om vald og overgrep på alvor
- Trygga og støtta tilsette som har mistanke om, eller avdekker vald og/eller overgrep
- Agera raskt når saker oppstår
- Sjå ulike tiltak og verkemiddel i samanheng
- Bidra til heilskapleg og samordna bistand til valds- og overgrepsutsette

Det er eit ynskje at handlingsplanen skal vera eit godt arbeidsverktøy for den enkelte arbeidsplass, i saker der det er kjennskap til eller mistanke om vald og overgrep.

Alle barn har rett til å vakse opp utan vald og overgrep. For å lukkast med arbeidet mot vald i nære relasjonar, er det nødvendig med auka fokus på problematikken. Det er viktig at innbyggjarane og tilsette i Ullensvang kommune forstår at vald kan skje i nærområdet og med barn og familiar me kjenner. Vald skjer i alle samfunnslag.

Den som vert utsett for valden bebreider ofte seg sjølv, og opplever skam og kjensle av skuld. Sjølv om valden er synleg og kjent, kan ein likevel vegra seg for å gripe inn i det som vert opplevd som private forhold. Dette bidreg til å halda overgrepa skjult for dei som kan yte hjelp. Kunnskap om valden

sin karakter og sætrekk er nødvendig for at politi og hjelpeapparat skal kunne avdekka den og gi god og riktig hjelp.

Vald og seksuelle overgrep er så utbreidd at verdas helseorganisasjon definerer det som eit folkehelseproblem.

Vald skapar uvisse, kan medføra helseskadar, tap av velferd og livskvalitet. Vald i nære relasjonar er straffbare handlingar som er i strid med grunnleggjande menneskerettar og norsk lov.

Vaksne må **SJÅ** barna dei er saman med til dagleg og **LYTTA** til korleis dei har det. Vaksne som tek **ANSVAR** kan bety ein avgjerande forskjell for eit barn. Det er avgjerande at valden tek slutt, og at barnet og familien får den hjelpa dei treng.

STATEN SITT ANSVAR

Staten skal beskytta barnet mot fysisk eller psykisk mishandling, forsøming eller utnytting frå foreldre og andre omsorgspersonar

FNs barnekonvensjon, artikkel 19

KOMMUNANE SITT ANSVAR

Etter norsk lov er kommunen plikta til og gje sine innbyggjarar eit forsvarleg tilbod. I høve til kommunale tenester er sosialtenestelova, opplæringslova, helse- og omsorgstenestelova, samt barnevernlova sentrale rettighetslover. Vidare gjev forvaltningslova utfyllande reglar om kommunen si opplysnings- og rettleiingsplikt.

Kommunen skal med si *helseteneste* og opplæring fremja folkehelse, trivnad og gode sosiale og miljømessige forhold, samt førebyggja og behandla sjukdom, skade eller lyte. Den skal spreia opplysning om og auka interessa for kva den einskilde sjølv og allmenta kan gjera for å fremja sin eigen trivnad, sunnheit og folkehelsa.

Barneverntenesta skal sikra at barn og unge som lev under forhold som kan skada deira helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg i rett tid, samt bidra til at barn og unge får trygge oppvekstsvilkår. Gjennom desse bestemmelsane har kommunen eit ansvar for å sjå til at lova sitt formål vert ivareteke ovanfor valdsutsette.

FOR BORNA SITT BESTE – MÅ ME VÅGA Å TENKJA DET VERSTE!



Nokre gonger fortel borna sjølv at dei er utsette for overgrep. Det mest vanlege er likevel at borna ved si åtferd viser symptom og signal som me vaksne kan reagere på. Signal og symptom som samtidig kan vera uklare og utvitydige. For desse borna er det viktig å møte vaksne med tilstrekkeleg kunnskap om, og sensitivitet ovanfor, dei signala barna viser. Dette er viktig for at vald og overgrep mot barn vert oppdaga og meldt vidare slik at barna kan verta sikra den hjelpa dei har behov for.

Vaksne må:

- **tilrettelegga** for at barn kan fortelja.
 - o Den vaksne må ta initiativ til samtalen!
 - o **Tematisk binding**, til dømes sjå eit informasjonsprogram, les ei bok om vald og seksuelle overgrep. For tips og idear til informasjonsprogram og bøker, sjå siste side.
- Etablera **trygge rammer** rundt samtalen
- Ha **tid** til å lytta
- Gje barnet ei oppleving av at det er ei **hensikt** å fortelja.

Barnehagar og skular er arenaer der barn og unge oppheld seg mykje. Tilsette på desse arenaene har derfor ei unik mogelegheit til å oppdaga barn som kan vera utsett for vald og overgrep. Me veit og at barn lettare fortel til ein dei har tillit til, og då må me vaksne vise oss tilliten verdig ved å møte og lytta til barnet.

Spør me ikkje, får me heller ikkje veta!

KVA KAN HINDRA OSS I Å SNAKKA MED BARN?

- Me tenkjer at det er etisk betenkeleg, då barn er lojale mot sine foreldre og me vil ikkje setja barnet i ei lojalitetskonflikt.
- Me beskyttar oss sjølve ved å ikkje spørja.
- Me kan verta redde for eigne reaksjonar og for å verta overvelda av barnet si historie. Kva skal me gjera med det me får høyra?
- Mange kan tenkja at dei ikkje har god nok kompetanse.
- Fagfolk i barnehage og skule kan ha ei oppfatning av at det er PPT, barnevern eller BUP som kan snakka med born om mogeleg vald og overgrep.
- Me kan uroa oss for å retraumatisera barnet og gjere vondt verre.
- Tanken på å ta feil og beskylda nokon urettmessig for å ha gjort seg skuldig i overgrep.
- Personleg kjenslemessig belastning, me kan vera usikre på kva personlege konsekvensar det kan få (truslar etc).

KVA KAN HINDRA BARN I Å SNAKKA MED OSS?

Mange barn fortel ikkje om overgrepa dei er utsett for medan dei pågår. Det tek i snitt 17,2 år før utsette for overgrep fortalde om overgrepa for nokon (norsk studie 2016).

- Minnet om overgrepa er uverkeleg, barnet brukar krefter på å unngå å tenkja på overgrepa.
- Overgripar kan ha trua barnet til ikkje å fortelja.
- Barnet kan frykta konsekvensar som krise i familien.
- Lojalitet til overgripar og/eller familien.
- Barn kan frykta dei vaksne sine reaksjonar.
- Barn kan vera redde for å ikkje verta trudd, forstått eller få hjelp.
- Kjensle av skam og skuld.
- Barn oppfattar tabuet i samfunnet rundt overgrep mot barn.
- Barn forstår ikkje og manglar omgrep om det som ikkje er sett ord på.

«Jeg synes at folk burde spørre mer. At man ikke tar det opp selv, betyr ikke at man ikke vil prate om det. Det holder kanskje ikke å spørre én gang. Du må kanskje spørre fem ganger, men egentlig er det ingenting man heller vil enn å snakke om det. Og ikke si; Du får si ifra om du vil snakke om det». For man sier ikke ifra. Jeg har aldri gjort det, selv om jeg egentlig har villet».

(Carro i Redd Barna, 2010).

Kva skal me altså gjera som vaksne?

Me må hugsa på at dei fleste barn fortel fyrst når den vaksne *tilrettelegg* og tek initiativ til ein dialog, at det vert skapt ei anledning og gode *rammer* til å snakka, at det har ei *hensikt* å fortelje og at det vert etablert ei *tematisk binding* til overgrep. Slike situasjonar krev tillit og god *tid*.

DI OPPLYSNINGSPLIKT!

Lov om barneverntjenester § 6-4. *Opplysningsplikt*

Enhver som utfører tjeneste eller arbeid for et forvaltningsorgan, skal uten hinder av taushetsplikt melde fra til barneverntjenesten uten ugrunnet opphold

- a) når det er grunn til å tro at et barn blir eller vil bli *mishandlet*, utsatt for alvorlige mangler ved den daglige omsorgen eller annen alvorlig *omsorgssvikt*,
- b) når det er grunn til å tro at et barn har en livstruende eller annen alvorlig sykdom eller skade og ikke kommer til undersøkelse eller behandling, eller at et barn med nedsatt funksjonsevne eller et spesielt hjelpetrengende barn ikke får dekket sitt *særlige behov* for behandling eller opplæring,
- c) når et barn viser *alvorlige atferdsvansker* i form av alvorlig eller gjentatt kriminalitet, misbruk av rusmidler eller annen form for utpreget normløs atferd,
- d) når det er grunn til å tro at barn blir eller vil bli utnyttet til *menneskehandel*

I praksis vil ei melding til barnevernet vera underteikna leiar. I dei tilfella der det ikkje er semje i om saka bør meldast eller ikkje, har den tilsette eit lovpålagt sjølvstendig ansvar for å melda si uro.

AVVERGEPLIKT

Alle har plikt til å forhindra alvorlege, straffbare handlingar – både på jobb og i fritida! Du har plikt til å avverja vald og overgrep når det er sikkert eller sannsynleg at ei straffbar handling (grov vald, seksuelle overgrep, mishandling, gjentekne truslar, gjenteken tvang, gjenteken fridomsrøving og andre krenkingar i nære relasjonar) vil verta begått eller gjenteke.

For å avverja ei slik handling, kontakt politiet! Dersom dette ikkje er nok, for eksempel i ein akutt situasjon, har du plikt til å forsøka og avverja den straffbare handlinga. Avvergeplikta er personleg. Ofte er det ansvarleg leiar som bør ringa politiet, men du må forsikra deg om at det vert gjort.

DEFINISJON AV ULIKE TYPAR VALD OG OVERGREP

Definisjon på vald:

«Vold er enhver handling rettet mot en annen person, som gjennom at denne handlingen skader, smerter, skremmer eller krenker, får denne personen til å gjøre noe mot sin vilje eller slutte å gjøre noe den vil».

(Per Isdal)

Vald i nære relasjonar

Politiet har definert vald i nære relasjonar slik:

Vald eller truslar om vald ovanfor personar som er eller har vore gift, eller som lever i eit ekteskapsliknande forhold. Det gjeld og sysken, barn, foreldre, besteforeldre og andre i rett opp- eller nedstigande linje, samt adoptiv-, foster- og steforhold. Valdsutøvinga er uavhengig av stad.

(Politi.no)

Vald i nære relasjonar har særtrekk som skil denne valden frå anna vald. Der anna vald ofte er ei eingongshending med ein gjerningsperson som er ukjent for offeret, vert vald i nære relasjonar ofte utøvd i det skjulte, er gjentakande og personane som er råka er betydningsfulle i kvarandre sine liv, gjennom felles historie, gjensidige pliktar og er ofte avhengig av kvarandre. Derfor vert verknadane ofte meir alvorlege enn for anna vald.

Fysisk vald

Fysisk vald er å påføra smerte, kroppsleg skade eller sjukdom ved slag, spark, lugging, klyping, biting, kasting, brenning, skålding, risting («shaken baby syndrom»), vridning av arm, halde opp mot vegg og liknande. Den fysiske valden er ofte lett synleg og den kan valde både psykiske og fysiske skader. Dei mest alvorlege formene for fysisk vald kan ende med død.

Psykisk vald

Psykisk vald er all bruk av ord, stemme, handling eller mangel på handling som kontrollerer, skadar eller krenkjer. Den kan vera vanskelegare å oppdage, som til dømes sanksjonerande tausheit eller sarkastiske

bemerkningar. Psykisk vald kan andre gongar ha eit tydelegare uttrykk, til dømes direkte truslar om å bruke fysisk vald, degraderande eller audmjukande utsagn som «du er ikkje verdt noko» eller trur du verkeleg nokon bryr seg om deg», isolering og utestenging eller latterleggjering.

Materiell vald

Handlingar retta mot ting eller gjenstandar. Det kan mellom anna innebære å slå inn vegger, dører eller vindage, kaste og rasera inventar, knuse eller øydelegga gjenstandar eller riva i stykke klede. Det nyttast ikkje direkte fysisk makt mot ein person, men handlinga kan likevel skapa redsle og opplevast truande.

Latent vald

Dette omgrepet betegner ikkje handlingar. Den latente valden ligg der i kraft av mogelegheita for at vald kan verta brukt. Den oppstår gjerne når nokon har opplevd vald tidlegare. Den latente valden kan vera ein sterk nærverandre faktor, og frykta kan innebæra ei stor psykisk belastning samtidig som den kan påverka personens fridom. Risikoen for ny vald styrer all åtferd, og vert ein strategi for å unngå ny vald. Vald i familiar med barn fører ofte til ein kontinuerleg tilstand av frykt hjå barnet. Det er først og fremst frykta og den kroniske stresstilstanden som frykta medfører, som kan gje skadar på kort og lang sikt.

Økonomisk vald

Dette er ei form for vald som kan koma til uttrykk ved at partnaren vert hindra i å rå over sin eigen økonomi. Den som utøver økonomisk vald, kan ha ei stor grad av sosial kontroll og makt over den andre parten.

Sosial vald

Kontroll og styring av nokon sin sosiale relasjonar og aktivitetar. Det kan til dømes vera streng kontroll med kven den kontrollerte parten får snakka med eller vera saman med, sosial isolasjon, ekskludering frå samtalar i ei gruppe og/eller begrensa bevegelsefridom i ulik grad og ulikt omfang.

Seksualisert vald

Seksuell vald og seksuelle overgrep kan vera av både fysisk og psykisk karakter. Det kan til dømes vera snakk om slibrige- eller ukvemsord, seksuell sjikane, uønska beføling, forsøk på eller gjennomført samleie eller penetrering av fingrar i kroppsoپningar. Straffelova skil mellom *seksuell handling* (primært beføling av ein anna sine bryster eller kjønnsorganer,

utvendig), *seksuell krenkande åtferd* (blotting, støtande bevegelsar eller ordbruk retta mot ein annan, også via internett) og *seksuell omgang* (samleie, samleieliknande forhold som til dømes ei kvar form for inntrenging i kroppen sine hulrom av gjenstandar eller kroppsdelar.

Digital vald

Digital vald i nære relasjonar er gjentekne handlingar og i nokre tilfeller ei enkelthandling utført ved hjelp av mobiltelefon. eller sosiale medier. Handlinga er retta mot ein person ein har hatt eller har intim romantisk relasjon til. Intensjonen er å skada, krenka, skremma, kontrollera, overvåka, trua eller få personen til å gjere noko mot si vilje eller avstå frå å gjera noko den vil.

Seksuelle overgrep på internett

Grooming er prosessen der ein vaksen vert vener med, og opprettar ein emosjonell kontakt med eit barn, for så å avtala eit møte slik at det vert mogeleg for den vaksne å ha seksuell omgang med barnet. Ei typisk hendingsgang i ei groomingsak, vil ofte byrja med kontakt over internett.

Oppdragarvald

Kan delast inn i to hovedkategoriar: instrumentell vald (beregnaende og målretta, for å oppnå noko) og emosjonell vald (aggressiv handling utløyst av frustrasjon og sinne).

Ære og æresrelatert vald (tvangsekteskap, omskjæring, kjønnslemlestelse)

Tvangsekteskap og kjønnslemlesting er også former for vald i nære relasjonar. Tvangsekteskap og kjønnslemlesting krev ein særleg innsats. Regjeringa har utarbeidd ein eigen handlingsplan på dette området; Handlingsplan mot tvangsekteskap, kjønnslemlestelse og alvorlige begrensninger av unges frihet (2013-2017).

Ære er et positivt omgrep som vert sett på som sosial anerkjenning, sjølvkjensle og sjølvrespekt. Ære er eit spørsmål om velferd, status og posisjon. Verdiane varierar mellom ulike kulturar og samfunn.

VERKNADAR AV VALD


Det å vera vitne til vald mellom foreldre, er psykisk vald mot barn og like skadeleg for barnet som om det sjølv vert utsett for grov vald. Barn får med seg meir enn me trur! Sjølv om barna ikkje ser valden, kan dei ofte merka at noko er gale. Det skapar frykt og uvisse, og er skadeleg for barna.

Å oppleve fysisk eller psykisk vald frå eller mellom foreldre, kan få alvorlege konsekvensar for barna. Dette heng saman med at valden hender i heimen som skal vera barnets viktigste arena for tryggleikt og utvikling.


Skadevirkningane av vald og overgrep mot barn er alvorlege, omfattende og i mange tilfeller dødelege både for sjel og kropp. Skyld, skam, marginalisering, rusmiddelavhengigheit, kroniske smerter og ei lang lista av somatiske og psykologiske sjukdomar, skadar og problemer danner djupe og mørke avtrykk på og i dei som vert ramma. Andre negative konsekvensar av å verta utsett for vald og overgrep i barndomen kan vera tilknytningsproblem, sosial tilbaketrekning, søvnevanskar, lærevanskar, aggresjonsproblem og angst.

Forutan frykta og dei fysiske skadane barna kan oppleve i konkrete valdsituasjonar, kan valdsutsette barn få vedvarande helseplager. Blant anna er det påvist at vald kan få konsekvensar for barnets nevrologiske, kognitive og emosjonelle utvikling og psykiske helse.

Normal hjerne



Ved vald



Del 2. TILTAK OG TENESTER

KVA GJER EG VED BEKYMRING?

Privatperson/innbyggjar

Privatpersonar som får mistanke om vald eller overgrep mot barn bør kontakta barneverntenesta eller politiet for å drøfte vidare håndtering. Konkret mistanke om vald skal meldast til politiet, jr. avvergeplikten (straffeloven § 196).

Tilsett i kommunen

Kvar enkelt har eit sjølvstendig ansvar for å melde frå til barneverntenesta ved mistanke om at barn vert utsett for vald, alvorlig omsorgssvikt, lev med vald eller har vedvarande adferdsvanskar (§ 6-4 i lov om barneverntjenester).



Bekymra for at barn opplever vald/har auka risiko for vald?

- Vurder bekymringa di: Kva har du sett eller høyrte? Kva har vedkomande sagt eller gjort? Kva er det i samspelet som har gjort deg bekymra? Kor lenge har du vore bekymra?
- Drøft bekymringa med kollega eller leiar. For ytterligare drøfting/veiledning kan du kontakta barneverntenesta eller konsultasjonsteamet for vald og seksuelle overgrep.

- Ikkje informer føresette:

Ved mistanke om vald i nære relasjonar skal ikkje foreldra informerast om at melding vert sendt barneverntenesta. Det er viktig å ivareta barnet sin tryggleik. Ved å informera foreldra om mistanken, kan me risikera å utløysa ny eller alvorlegare vald, og barnet kan verta instruert til å ikkje fortelja.

Det er barneverntenesta og evt. politiet som vurderer når og på kva måte foreldra skal informerast. Meldar bør ha dialog med barneverntenesta for å avklara eiga rolle/kontakt med familien framover.

- Meld frå til barneverntenesta:

Ring barneverntenesta og avklar om det skal sendast skriftleg bekymringsmelding eller om det er ein akutt/hastesituasjon. Avklar med barneverntenesta kva som vert di rolle vidare.

Når er det akutt/hastesituasjon?

Definisjon akutt:

Ein situasjon som oppstår, kor det er uforsvarleg og senda barnet heim etter endt barnehage/skule, eller kor det er heilt naudsynt å handla der og då for å sikra bevis. Her må det gjerast ei grundig risikovurdering av barneverntenesta og politiet

Døme på akutte situasjonar er:

- o Barnet kjem med fysiske skader og det er mistanke om at skadane er oppstått som følge av vald/seksuelle overgrep.
- o Barnet fortel om nylege overgrep.
- o Barnet vert henta i barnehage, skule e.l. av rusa føresett

- **Ved akutte situasjonar kor der er grunn til å tru at barn har vore utsett for seksuelle overgrep/vald, ring barneverntenesta eller politiet utan opphald.**

Hardanger barnevern:

- o 97 55 85 10/ 97 55 85 11

Politi:

- o 53 65 15 00 (måndag til fredag 08:00 – 15:00)
- o 02800 (heile døgnet)
- o 112 (ved nød)

Når barn fortel om vald i nære relasjonar:

- Ta imot historien til barnet. Ta deg tid til å lytta, repeter ordrett det barnet seier og sei: Fortel meir om det!
- Bruk opne spørsmål/setningar.
For ytterlegare konkrete tips til barnesamtale, sjå side 19
- Når barnet er ferdig med å fortelja/samtalen er avslutta; Sei det var bra barnet sa frå om dette, og at dette må me snakka meir om seinare.
- Skriv ned det du observerer/det som ordrett vert sagt av barnet/det som ordrett vert sagt av deg. (Sjå rettleiing for dokumentasjon av observasjon/samtale side 18). Dette er viktig med omsyn til dokumentasjon og truverde.
- Drøft ved behov saka med kollega/samarbeidspartnar som og kjenner barnet.
- Informer leiar om mistanken. Ifølge opplysningsplikta til barnevernet (se s.8) har kvar enkelt eit sjølvstendig ansvar for å melda saka vidare til barnevern. Dersom leiar ikkje melder saka, må du sjølv ta ansvar for at bekymringsmelding vert sendt. Avklar med barneverntenesta kva som skjer vidare, kva du skal seia til barnet og kva som vert di rolle framover.
- I dei tilfella det er knytt uvisse til om barnet kan vera utsett for overgrep eller vald i nære relasjonar, skal det IKKJE takast kontakt med foreldre/føresette.

Det er ikkje tilfeldig at barnet har valt akkurat DEG når det fortel si historie. Vær tilstades for barnet i prosessen vidare sjølv om barnevern og politi arbeider med saka.

Når foreldre fortel om vald i familien:

- Informasjon frå foreldre: Tilsette får i samtale kjennskap til at det utøvd vald mot barn, eller at barn er vitne til vald i heimen. Foreldre svarer gjerne bekreftande på spørsmål om dei slår barna eller fortel om oppdragarmetodar som me vurderer som vald.
- Still oppklarande spørsmål
- For å sikra at du har oppfatta skildringane riktig. Når er det akutt/hastesituasjon?
- Utforsk foreldra si grunngjeving for valden.
- Snakk om at vald er skadeleg for barn, at det ikkje er lov, og at du har plikt til å melda frå.
- Informer om at du vil drøfta saka med barneverntenesta, og gjer gjerne dette saman med foreldra.
- Vurder om det er behov for og sikra at barnet vert beskytta mot ytterlegare vald. Dette må drøftast med barneverntenesta.

Når foreldre fortel at dei sjølve er/har vore utsett for vald:

- Snakk med foreldra om korleis dei opplever at dette påverkar dei som foreldre i dag/eller som kommande foreldre. Ha dialog rundt kva dei synes er utfordrande og kva strategiar dei bruker i kvardagen. Spør om barna har opplevd eller opplever vald.
- Avklar om det er behov for oppfølging, drøft evt. med andre instansar.
- Bidra til at familien får oppfølging ved behov.

RETTLEIING FOR DOKUMENTASJON AV URO FOR AT NOKON ER UTSETT FOR SEKSUELLE OVERGREP ELLER VALD

Skriv ned ei detaljert skildring av kva som gjorde at du vart bekymra for at barnet kan ha vore utsett for seksuelle overgrep eller vald. Dette er viktig i kontakten med politi og barnevern.

- 1) Kva var det som gjorde deg bekymra?
 - o Kva skjedde?
 - o Var det noko vedkommande sa eller gjorde?
 - o Kva sa vedkommande? (ordrett)
 - o Kva gjorde vedkommande? (konkret beskriving av åtferd)
 - o Korleis var kroppsspråket/ansiktsuttrykket?
 - o Fysiske teikn (t.d. blåmerke, kloremerke, brennmerke)
- 2) Når skjedde det?
- 3) Kvar skjedde det?
- 4) Var det andre til stades?
- 5) Kva var den utløysande faktoren for at barnet det fortalde/gjorde?
- 6) Korleis reagerte du (evt andre) på det barnet sa/gjorde?
 - o kva sa du til barnet? (ordrett)
 - o kva gjorde du heilt konkret?
- 7) Har du snakka med vedkommande om dette før/seinare?
- 8) Kven er informert om uroa di?

OPPSUMMERANDE TIPS TIL BARNESAMTALEN OG ARBEIDET ETTERPÅ.

“Når eit barn vel å fortelja den vanskelege historia si til akkurat DEG, ta godt imot og bring den vidare til nokon som har ansvar for, og kan beskytta barnet mot nye overgrep”

NÅR BARN FORTEL SPONTANT OM VALD OG OVERGREP

- Ver positivt nysgjerrig og utforsk
- Ver roleg, ta imot det barnet har og sei, utan å avbryta barnet si forteljing
Bruk **aktiv lytting** utan å stilla direkte spørsmål; gje barnet mogelegheit til å utforska si eiga oppleving av si historie
- **Gjenta** det siste barnet seir i ei setning. Eksempel: "mamma er sint....." "du er redd..." "pappa slår mamma"
- **Anvend** støtteord. Eksempel: "mm", "ja", "fortel", "fortel meir om det?"
- **Ver tålmodig** og la barnet få pausar, - utan at du stiller spørsmål eller avbryt barnet i si forteljing.

VIKTIG:

- Når barnet er ferdig med si forteljing bekreft det barnet har sagt, og tydeliggjer for barnet at alt det ho/han har sagt er viktig.
- Ikkje lov barnet at du ikkje skal sei det til nokon, sjølv ikkje der barnet ber om det.
- Forklar barnet at du må snakka med nokon andre vaksne om det barnet har fortalt, men at du skal fortelja når du gjer det, og kven du snakkar med.

EKSEMPEL:

Du fortalde tidlegare om.....
Fortel meg meir om det.....
Eg var ikkje der, fortel så godt du kan.....
Fortel meg det slik at eg forstår kva du meiner.....
Kva skjer vidare då?
Du har no fortalt meg om.....

ETTER SAMTALEN

- Skriv ned alt du og barnet har sagt, så ordrett som mogeleg
- Ta kontakt med leiaren din og drøft kva barnet har fortalt
- Ta kontakt med barneverntenesta og drøft melding og vidare saksgang
- Avtal konkret med barneverntenesta at de avklarar opplysningane de har fått med politiet

Skulle det vera behov for meir kartlegging av bekymring om vald/overgrep er det fyrst og fremst barneverntenesta, etter avtale med politiet, som gjennomfører ein planlagt barnesamtale.

Statens barnehus

Barn har krav på rask, riktig og omsorgsfull behandling, og barnehusa er etablert for dette formålet. Barnehuset er eit tverrfagleg samlokalisert tiltak retta mot barn, unge og utviklingshemma som ein mistenker er utsett for vald og seksuelle overgrep. På barnehuset vert det gjennomført tilrettelagte avhør, lege- og tannlegeundersøkingar, rådgjeving og behandling.

Kontaktinformasjon:

Statens barnehus Bergen:

tlf. 55 55 69 00

Hardanger barnevern

Hardanger barnevern er ei interkommunal teneste der Odda er vertskommune for Eidfjord, Jondal, Ullensvang og Ulvik.

Barneverntenesta skal bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår, ved å sikra at barn og unge som lever under forhold som kan skada deira helse og utvikling, får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid. Det er oppgåva til barnevernet å hjelpa dersom personar under 18 år vert utsett for eller risikerer vald eller overgrep, kjønnslemlestelse, tvangsekteskap eller truslar om dette. Barneverntenesta pliktar å medverka til å stoppa vald og overgrep. Barneverntenesta skal vera i tett samarbeid med politiet i desse sakene.

Barneverntenesta vert involvert i saka når dei mottek bekymringsmelding der det er mistanke eller allereie avdekka vald og overgrep. Både som privatperson og dersom du arbeider med barn og unge har du ei lovfesta plikt til å melde frå dersom du er bekymra. Er du usikker på om du bør eller må melde frå, kan du ringa barnevernet på førehand og få hjelp til å vurdera saka. Dette kan du eventuelt gjera anonymt. Er du omsorgsperson for barnet, kan du også kontakta barnevernet og be om hjelp til å vurdera saka. Det kan vera aktuelt for eksempel dersom du ikkje lenger lev saman med den andre føresette og er bekymra for korleis barnet vert ivareteken ved samvær med den andre.

Barneverntenesta har ei særleg plikt til å støtta og rettleia personar som er bekymra for om barn er utsett for vald eller overgrep.

Kontaktinformasjon Hardanger barnevern:

Sentralbord kvardagar kl. 07:30 – 15:00:	tlf. 90 75 77 47
Leiar (utanom kontortid):	tlf. 97 55 85 10
Nestleiar (utanom kontortid):	tlf. 97 55 85 11

Konsultasjonsteamet for vald og overgrep.

Konsultasjonsteamet for vald og seksuelle overgrep er eit tilbod til deg som arbeider med barn og unge (direkte eller indirekte), og er ein stad der du kan få rettleiing, hjelp og støtte når du får ei uro for eit barn. Det er låg terskel for å ta kontakt med teamet, det er nok at du har den klumpen i magen som seier at her er det noko som ikkje stemmer. Det er anonymt, teamet skal ikkje vite kva barn det er snakk om.

Konsultasjonsteamet er eit samarbeid mellom Kvinnherad og Hardanger og består av representantar frå barnevern, politi, BUP, PPT, familievern, helsestasjon og krisesenter.

Konsultasjonsteamet tilbyr kurs om temaet vald og overgrep. Her tek ein opp kva dette er, kva ein skal sjå etter og kva ein skal gjera om ein får ei uro. Dette kurset er gratis. Har ikkje din arbeidsplass hatt dette kurset, vil me oppfordra til å ta kontakt og få gjennomført eit slikt kurs.

Kontaktinformasjon:

E-post: konsultasjonsteamet@kvinnherad.kommune.no

Krisesenteret Vest IKS

Krisesenter Vest er eit interkommunalt selskap og er eigd av 17 kommunar i Sunnhordland, Nord Rogaland og Hardanger. Krisesenter Vest IKS har ansvar for å utføra eigarkommunane sine oppgåver som går fram av Lov om kommunale krisesentertilbod § 2a-c.

Krisesenter Vest IKS er eit gratis heildøgns- og heilårs lågterskeltilbod til kvinner, barn og menn utsett for vald eller truslar om vald i nære relasjonar. Dagtilbodet kan også nyttast av kvinner og menn som vurderer å bryta negative forhold, eller som allereie har gjort det og treng hjelp og/eller støtte.

Krisesenter Vest IKS har to avdelingar; avdeling Stord og avdeling Haugesund. Begge avdelingar tek imot kvinner og barn i døgntilbodet, medan avdeling Haugesund også tek imot menn og deira barn. Begge avdelingar gjev eit dagtilbod til både kvinner og menn.

Krisesenter Vest IKS gjev per i dag ikkje et døgntilbod til personar med tilleggspromblematikk innan rus og psykiatri.

Tilbodet omfattar eit trygt mellombels butilbod i trygge omgjevnadar, støtte og praktisk hjelp, råd og rettleiing, kartlegging (vald, hjelpe- og tryggingsbehov), hjelp til bearbeiding, informasjon om rettar og mogelegheiter, advokatbistand, formidla kontakt med andre instansar i tenesteapparatet og oppfølging i reetableringsfasen.

Kontaktinformasjon:

Stord (døgnåpent):	tlf. 53 41 12 12
Haugesund (døgnåpent):	tlf. 52 72 98 84
E-post:	post@krisesentervest.no

Familievernkontoret

Familievernkontoret er ei statleg teneste som tilbyr behandling og rettleiing når det ligg føre vanskar, konfliktar eller kriser i familien. I tillegg tilbyr me mekling når foreldra går frå kvarandre, eller vil føra sak om barna for retten. Familievernet gjev også tilbod om rettleiing til hjelpeapparatet, og er ein del av konsultasjonsteamet for vald og seksuelle overgrep.

Tilbodet er gratis, og familiar, par og enkeltpersonar kan henvenda seg direkte til kontoret, i tillegg til at andre instansar kan henvisa til Familievernkontoret. Familievernet har pålegg om å gje time innan 4 veke, men kontoret i som ligg i Odda klarer som regel å tilby time langt raskare enn det.

I familievernet tilbyr dei hjelp med alle typer par- og familieproblematikk, også der kranglane «tek av» og vert til fysisk vald, eller der det er problem med eksplosivt sinne. Ved valdsproblematikk der par eller familiar går til samtalar, arbeider Familievernkontoret som oftast også individuelt, og snakkar med partane kvar for seg eller med barna åleine, og dei er som regel to terapeutar i slike saker.

I ein del høve kjem berre ein til samtale, anten for å få hjelp med eksplosivt sinne/ vald, eller fordi dei er eller har vore utsett for vald i familien. Dette kan også vera ungdom.

Familieverkontoret har teieplikt, så om ein i eit parforhold går til samtalar her, vil dei ikkje opplysa partner om det, med mindre dette er avtalt. Det same gjeld for ungdom over 16 år. Familievernet har likevel, på lik linje med alle andre i det offentlige, meldeplikt til barnevernet når dei får stor bekymring for barn.

Kontaktinformasjon:

Ein kan ta kontakt enten via sms, telefon og e-post, eller møte opp i ekspedisjonen.

Telefontid kvardagar kl. 08:00 - 14:30

tlf. 46 61 91 50

E-postadresse: familieverkontoret.odda@bufetat.no.

Familieverkontoret har lokale i Godsterminalen på kaia, adr. Almerket 30, 5750 Odda. Dei har òg kontordagar på Husnes, Voss og i Granvin.

Ressursliste:

Her er lista opp andre instansar som kan vera til hjelp ved mistanke eller etter avdekking av vald:

- Legevakt tlf. 116 117
- Odda legesenter tlf. 53 65 45 00
- Helsestasjon tlf. 47 66 49 28
- Pedagogisk Psykologisk teneste (PPT) og OTPPT tlf. 90 01 47 93
- Helse fonna, valdtekstmottak tlf. 52 73 20 00

- NAV tlf. 55 55 33 33
- Barne og ungdomspsykiatrisk (BUP)
 - Stord tlf. 53 49 12 20
 - Husnes tlf. 53 46 47 90
- Folgefonn DPS tlf. 53 46 65 90
- RVTS Vest, Regionalt Ressurscenter om
vald, traumatisk stress eller selvmordsforebygging tlf. 55 97 66 95
- Alternativ til vold, avd. Bergen tlf. 55 60 31 99
- Statens barnehus, Bergen tlf. 55 55 69 00
- Landsforeningen for voldsofre tlf. 22 16 40 00
- Alarmtelefonen for barn og unge tlf. 116 111
- SMISO, Hordaland tlf. 55 90 49 90
- Støttesenter mot incest og seksuelle overgrep
- Døgnåpen tlf. for incest og seksuelt misbrukte
og deres pårørende tlf. 800 57000
- Røde kors, Kors på halsen tlf. 800 33321
- DIXI ressurscenter for voldtatte tlf. 22 44 40 60

Tips til informasjonsprogram og bøker

Her finn du ei oversikt over litteratur og informasjonsprogram. Det er ei stor mengde litteratur og kompetansehevingskurs og andre ressursar som er relevante. Denne oversikta kan nyttast som eit utgangspunkt for vidare informasjon.

Forslag til nyttige lenker til informasjonsprogram:

<https://snakkemedbarn.no/>

<http://www.stinesofiestiftelse.no/>

<http://www.jegvilvite.no/>

<http://www.rvtsvest.no/>

<http://www.jegvet.no/>

<http://www.dinutvei.no/>

<http://www.reddbarna.no/jegerher>

<http://www.kroppenmineierjeg.no>

Forslag til aktuelle bøker for tematisk binding i samtaler med barn:

Rygg, E, Aasland, M.W, Morka, G.h. & Stine Sofies Stiftelse (2009) *Jeg er meg! Min meg: en bok om kropp, gode og vonde følelser, ulovlige hemmeligheter og berøringer.*

Dahle. G. & Nyhus, S. (2003) *Sinna mann*

Kvam, M.H. (2012) *Filiokus og Blåmann-Klåmann: fortellingen om en vond hemmelighet*

Rygg, E.. & Piotrowska, M. (2005) *Jeg sa ikke kom inn*